



Voss herad
Postboks 145
5701 VOSS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Voss herad - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Voss heradsstyre har i møtet 16.12.2021, sak 86/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit tre-årig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbankens oppgåver for dette fagområdet overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta

Oppsummering

Kommunen fekk eit godt resultat for 2021. Sjølv om resultatet var ekstraordinært og for ein stor del knytt til høg skattevekst og koronapandemi, gav det likevel ein fin vekst på disposisjonsfondet, og eit betre utgangspunkt framfor inneverande periode.

Det er positivt at heradet legg måltala til grunn i den økonomiske styringa, for å opparbeide seg ein tilstrekkeleg driftsreserve, og eventuelt for å kunne finansiere deler av investeringane sjølve. Ut frå dei budsjetterte tala vil heradet vere måloppnåande både på netto driftsresultat og disposisjonsfond i løpet av perioden. Gjelda vil derimot auke og liggje godt over måлтаlet. Statsforvaltaren oppmodar heradet til meir moderate låneopptak slik det vert lagt opp til i slutten av perioden, for å unngå ein ytterlegare auke i den langsiktige gjelda.



Budsjett 2022

Budsjettet er vedteke i balanse med eit positivt netto driftsresultat på 6,3 mill. kroner, som utgjer 0,42 prosent av brutto driftsinntekter. Heradet er ikkje måloppnåande på dette feltet inneverande år, men det er likevel ein liten framgang frå 2021, sjølv om brutto inntekter også har auka noko. Førebelse rekneskapstal frå 2021 viser eit godt årsresultat på 45,9 mill. kroner, som utgjer 2,9 prosent av brutto inntekter. Snittet for landet (ekskl. Oslo) er på 4,2 prosent for 2021.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) er noko lågare i budsjettet enn det som kjem fram i prognosemodell oppdatert med nye folketal. Folketalsutviklinga er positiv og utgjer ein auke på 0,56 prosent siste året.

Sett bort frå inntekt- og formueskatteinntekter, kan vi ikkje sjå at det er andre budsjetterte inntekter der det er vesentlege endringar frå 2021. Finansinntekter og -utgifter er budsjettert etter prognosar for eit generelt høgare rentenivå utover i perioden.

Disposisjonsfondet utgjer om lag 125 mill. kroner ved utgangen av 2021, som utgjer 7,9 prosent av brutto inntekter. Dette ligg derfor over det tilrådde nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU).

Kommunen har vedteke investeringar i anleggsmiddel på brutto 163,2 mill. kroner. Dette skal finansierast med nytt låneopptak på 124,8 mill. kroner. I tillegg til kompensasjon for meirverdiavgift på om lag 32 mill. kroner, blir 6,9 mill. kroner overført frå drift, og 2,5 mill. kroner er tilskot frå andre. Dei største investeringane er til ny idrettsfløy ved Voss ungdomsskule og generell opprusting av skulebygg, ny hovudbrannstasjon, ny barnehage i Granvin, og nytt kommunalt kjøkken på Voss.

Den langsiktige gjelda til heradet utgjorde om lag 1,4 mrd. kroner ved utgangen av 2021, noko som tilsvarar 89,3 prosent av brutto driftsinntekter. Gjennomsnitt for landet (ekskl. Oslo) utgjorde 114,9 prosent.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I planperioden er det budsjettert med positive netto driftsresultat kvart år i åra 2023 – 2025. Resultata er budsjettert til om lag 22 mill. kroner i 2023, og om lag 26 og 31 mill. kroner i 2024 og 2025. I prosent av driftsinntekter utgjer dette 1,47, 1,74 og 2,08 prosent for 2023 – 25. Heradet vil derfor oppnå anbefalt måltal frå TBU på netto driftsresultat på 1,75 prosent dei siste åra i perioden. Resultata skal avsetjast til fond.

Sum investeringar dei tre siste åra er budsjettert til 440,3 mill. kroner. Samla låneopptak utgjer 354,9 mill. kroner. Høgast opplåning i 2023, med ferdigstilling av brannstasjon, idrettsfløy på ungdomsskulen og barnehage i Granvin. Når det gjeld VAR skal det også gjerast store investeringar i avløpsanlegg i Myrkdalen og reservevassverk på Bømoen, som begge er sjølvfinansierande.

Det er budsjettert med auka rente- og avdragsutgifter på samla 23 mill. kroner for heile perioden.



Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Voss herad har vedteke følgjande måltal:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 prosent
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 5 prosent
- Gjeldsgrad må tilpassast evne til å handtere renter og avdrag

I budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025 er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	1,75 %	0,42 %	1,5 %	1,8 %	2,1 %
Disposisjonsfond	5 %	7,4 %	9,4 %	11,5 %	14 %
Netto lånegjeld		68,7 %	77,8 %	76,8 %	73,2 %

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen fekk eit godt resultat for 2021. Sjølv om resultatet var ekstraordinært og for ein stor del knytt til høg skattevekst og koronapandemi, gav det likevel ein fin vekst på disposisjonsfondet, og eit betre utgangspunkt framfor inneverande periode.

Det er positivt at heradet legg måltala til grunn i den økonomiske styringa, for å opparbeide seg ein tilstrekkeleg driftsreserve og eventuelt for å kunne finansiere deler av investeringane sjølv. Ut frå dei budsjetterte tala vil heradet vere måloppnåande både på netto driftsresultat og disposisjonsfond i løpet av perioden. Gjelda vil derimot auke og liggje godt over måltalet.

Pågåande prosessar i organisasjonen for å handtere nye utgiftsbehov og redusere kostnader er krevjande, samstundes som gjelda aukar og ein stadig større del av inntektene går med til å betale auken i rente- og avdragsutgifter. Med tanke på eit stigande rentenivå oppmodar Statsforvaltaren heradet til meir moderate låneopptak slik det vert lagt opp til i slutten av perioden, for å unngå ein ytterlegare auke i den langsiktige gjelda.

Dei innsende dokumenta er ryddige, oversiktlege og informative, med status, utfordringar og prioriteringar for dei ulike tenesteområda. Heradet jobbar òg godt med å utarbeide klimabudsjett, som blir viktig med tanke på kommunen si rolle framover i arbeidet med klimautslepp og klimatiltak.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent